



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda rådhus  
**Dato:** 04.10.2016  
**Tid:** 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug,	Nestleiar	V
permisjon kl. 15:45		
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Heidi Istad	Planleggar, PS171/16
Rune Totland	Teknisk sjef, OS 131/16
Henrik Skovly	Økonomisjef, PS 170/16, OS 131/16
Andreea Beleuta	Økonomikonsulent, PS 170/16, OS 131/16

## SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 168/16	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 169/16	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
OS 131/16	<b>Informasjon om budsjettarbeidet</b>
PS 170/16	<b>2.Tertialrapport 2016</b>
PS 171/16	<b>Planid 2016005 - Arealdelen - Høyring av forslag til planprogram og varsel om planoppstart.</b>



## VOLDA KOMMUNE

- PS 172/16 **Vestsida IL - Garasje for trakkemaskin - søknad om kommunal garanti for lån**
- PS 173/16 **Strategi 2030 - Høringsnotat for en ny strategi for utvikling av spesialisthelsetjenesten i Midt-Norge**
- PS 174/16 **Ny kommunelov - Høyring NOU 2016:4**
- PS 175/16 **Kommunal garanti - lån til kyrkjelege investeringar**
- PS 176/16 **Omlegging av skulebakken på Ulvestad - Haugevegen - Godkjenning av avtalar**
- PS 177/16 **Ny renovasjonsordning kommunale utleige bygg**
- PS 178/16 **Kommunalt råd for funksjonshemma - forslag til namneendring og auke i antal medlemmer**
- PS 180/16 **Økonomisk støtte til TV-aksjonen**
- PS 179/16 **Orienteringssaker**
- OS 132/16 **Tunnelutbetring Rotsethorntunnelen**
- OS 133/16 **Melding om politisk vedtak - Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular - Kommunalt råd for funksjonshemma PS 6/16**
- OS 134/16 **Sak om Matmanifestet frå Hareid kommune**
- OS 135/16 **Klimakartlegging offentleg innovasjon - invitasjon til Arena Sunnmøre 2016**
- OS 136/16 **Spørsmål om kva planar kommunen har for Mork skule - dårleg inneklima og bygningsmasse**
- OS 137/16 **Sykkylven kommune - mogleg sal av aksjar i Furene AS**
- OS 138/16 **Søknad om støtte til forprosjekt - Volda Kunnskapspark**
- OS 139/16 **Kommunereform**
- OS 140/16 **Campus - arbeidsgruppe - representantar frå kulturlivet**
- PS 181/16 **Venterom på Folkestad ferjekai**
- PS 182/16 **Rutetilbodet på riksvegsambandet Volda-Folkestad**



## VOLDA KOMMUNE

OS 141/16      **Legevaktordning - samlokalisering**

**PS 168/16 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Handsaming:**

**Innkalling:**

Ettersendte dokument mandag 3. oktober:

- Hareid kommune, *Søre Sunnmøre Matmanifest*, 29.09.2016.
- Sunnmøre regionråd IKS, *Klimakartlegging offentlig innovasjon - invitasjon til Arena Sunnmøre 2016*, 28.09.2016
- Jan Tore Bjerkvik, *Spørsmål om kva planar kommunen har for Mork skule - dårleg inneklima og bygningsmasse*, 28.09.2016.
- Sykkylven kommune, *Mogleg sal av aksjar i Furene AS*, 19.09.2016
- Sunnmøre Kultur næringshage AS, *Søknad om støtte til forprosjekt - Volda Kunnskapsark*, 26.09.2016.

**Sakliste:**

Ordføraren kom med framlegg om å sette følgjande saker på saklista:

- Ettersendte dokument, opplista ovanfor.
- Campus – oppnemning av tre representantar frå kulturlivet

Dan Bjørneset bad om ei orientering om følgjande saker:

- Status/planar for bustadsosialhandlingsplan
- Oppfølging av strekninga E39 frå Volda ferjekai til planlagt bru.

Odd A. Folkestad ynskte at følgjande saker vart sett på saklista:

- Venterom på Folkestad ferjekai
- Ruteendringsprosessen

Fride Sortehaug ynskte at økonomisk støtte til TV-aksjonen vart sett på saklista.

Gunnar Strøm reiste spørsmål om korleis Volda kommune skal arbeide vidare med kommunestrategi. Temaet vart belyst i samband med handsaminga av orienteringssak, OS 139/16 Kommunereform.

Rådmannen vil orientere om legevaksordning på Søre Sunnmøre.

**Røysting:**

Innkalling og sakliste, med tillegg frå ordføraren, Dan Bjørneset, Odd A. Folkestad, Fride Sortehaug, Gunnar Strøm og rådmannen, vart samrøystes godkjent.



## **PS 169/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Handsaming:**

### **Røysting:**

Møteprotokollen frå førre møte, 20.09.2016, vart samrøystes godkjent.

## **OS 131/16 Informasjon om budsjettarbeidet**

Rådmannen orienterte om budsjettarbeidet og gjekk gjennom førebels investeringsbudsjett. Rune Totland informerte om behov ved teknisk sektor. Økonomisjef Henrik Skovly og økonomikonsulent Andreaa Beleuta var til stades under orienteringa.

Formannskapet kom med spørsmål og merknader til budsjettarbeidet.

## **PS 170/16 2.Tertialrapport 2016**

### **Administrasjonen si tilråding:**

- 1. 2. Tertialrapport 2016 vert teken til vitende.*
- 2. Finansrapport (passiva) vert teken til vitende (vedlegg nr. 1)*
- 3. Finansrapport (aktiva) vert teken til vitende (vedlegg nr. 2)*

### **Handsaming:**

Økonomisjef Henrik Skovly og økonomikonsulent Andreaa Beleuta, var til stades under handsaminga av saka.

### **Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

## **Tilråding i formannskapet - 04.10.2016 til kommunestyret:**

- 1. 2. Tertialrapport 2016 vert teken til vitende.*
- 2. Finansrapport (passiva) vert teken til vitende (vedlegg nr. 1)*
- 3. Finansrapport (aktiva) vert teken til vitende (vedlegg nr. 2)*



## VOLDA KOMMUNE

### **PS 171/16 Planid 2016005 - Arealdelen - Høyring av forslag til planprogram og varsel om planoppstart.**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Volda kommunestyre vedtek å starte opp arbeidet med arealdelen av kommuneplanen, jf. plan- og bygningslova §§ 11-5 og 11-12. Framlegg til planprogram vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 11-13. Offentleg ettersyn skal vere i minst seks veker.*

#### **Handsaming:**

Planleggar Heidi Istad møtte under handsaminga av saka.

#### **Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

#### **Tilråding i formannskapet - 04.10.2016 til kommunestyret:**

*Volda kommunestyre vedtek å starte opp arbeidet med arealdelen av kommuneplanen, jf. plan- og bygningslova §§ 11-5 og 11-12. Framlegg til planprogram vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 11-13. Offentleg ettersyn skal vere i minst seks veker.*

### **PS 172/16 Vestsida IL - Garasje for trakkemaskin - søknad om kommunal garanti for lån**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Volda kommune gjev garanti til Vestsida il for eit lån på kr. 400.000,- i Sparebank 1 Søre Sunnmøre i samsvar med lånetilsegn datert 26.09.2016.*

*Garantien vert gitt på slike vilkår:*

- 1. Garantien er ein simpel kausjon.*
- 2. Garantien skal avkortast i takt med utbetaling av spelemidlar og kompensasjon for mva. til anlegget..*

#### **Handsaming:**

#### **Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.



## VOLDA KOMMUNE

### **Tilråding i formannskapet - 04.10.2016 til kommunestyret:**

*Volda kommune gjev garanti til Vestsida il for eit lån på kr. 400.000,- i Sparebank 1 Søre Sunnmøre i samsvar med lånetilsegn datert 26.09.2016.*

*Garantien vert gitt på slike vilkår:*

- 1. Garantien er ein simpel kausjon.*
- 2. Garantien skal avkortast i takt med utbetaling av spelemidlar og kompensasjon for mva. til anlegget..*

### **PS 173/16 Strategi 2030 - Høringsnotat for en ny strategi for utvikling av spesialisthelsetjenesten i Midt-Norge**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Volda formannskap sluttar seg til høyringsuttalen slik den kjem fram i saksutgreiinga, med tillegg av kommuneoverlegen sitt notat som ligg ved saka.*

#### **Handsaming:**

#### **Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i Formannskapet - 04.10.2016 :**

*Volda formannskap sluttar seg til høyringsuttalen slik den kjem fram i saksutgreiinga, med tillegg av kommuneoverlegen sitt notat som ligg ved saka.*

### **PS 174/16 Ny kommunelov - Høyring NOU 2016:4**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Volda kommunestyre viser til kommunelovutvalet si innstilling og debattgrunnlaget frå KS og har følgjande innspel til arbeidet med ny kommunelov:*

#### **Handsaming:**

Jørgen Amdam kom med slikt framlegg:

Volda formannskap viser til kommunelovutvalet si innstilling og debattgrunnlaget frå KS og har slike innspel til arbeidet med ny kommunelov:



## VOLDA KOMMUNE

1. Utvalet foreslår å endre tittel til øvste administrative leiar i kommuneorganisasjonen frå rådmann til kommunedirektør. Dette er ein tittel som i dag er nytta på ulike nivå for kommunale leiarstillingar. Ei slik endring vil skape forvirring. (NOU kap. 8.5)
2. Gjeldande rett med å kunne delegerer lovpålagte oppgåver til eigne rettssubjekt må halde fram. Dette vil gje meir fleksible rammer for interkommunalt samarbeid. (NOU kap. 8.7)
3. Lovfesta avgrensing i kven som kan veljast til styre i kommunale foretak mot kommunestyremedlemmer og medlemmer i toppleiargruppa er ei avgrensing i kommunale handlefridom. Eit alternativ er å innføre reglar slik utvalet sjølv er inne på. (NOU kap. 11)
4. Kommunalt oppgåvefelleskap er ei ny modell for interkommunalt samarbeid, mellom anna til erstatning for noverande § 27 samarbeide. Primært vil Volda formannskap rå til at noverande § 27 vert oppretthalde, sekundert at representantskapet i eit oppgåvefelleskap ikkje må være eit folkevalt organ. Dersom eit oppgåvefelleskap er oppretta for å løyse administrative oppgåver kan kravet om at representantskapet skal være eit folkevalt organ svekke skiljet mellom politikk og administrasjon. (NOU kap. 18.6).
5. Utvalet sitt mindretal har eit framlegg om å opne for låneopptak til investeringstilskudd til gitte formål. Mindretalet sitt syn vert støtta (NOU kap. 19.8.3.5)
6. Volda formannskap støtter ei tydeleggjering i kommunelova av roller, oppgåver og ansvar for internkontroll i kommunen. Ei samordning av regelverket knytt til internkontroll frå særlover til kommunelova er ynskjeleg. (NOU kap. 24)
7. Volda formannsskap meiner at den foreslåtte endringa av valordning formannsskap kan vere problematisk og i verste tilfelle kan føre til at mest aktuelle ordførarkandidatar ikkje kan velgast.
8. Avansert metode for avdragsutrekning bør halde fram og i alle høve må avvikling gjennomførast med ei overgangsperiode.

Odd A. Folkestad kom med framlegg om å stryke, ~~og i verste tilfelle kan føre til at mest aktuelle ordførarkandidatar ikkje kan velgast,~~ i punkt 7.

**Røysting** (ni røysteføre):

Framlegget frå Jørgen Amdam, med endring frå Odd A. Folkestad, vart samrøystes vedteke.



## Vedtak i formannskapet - 04.10.2016:

*Volda formannskap viser til kommunelovutvalet si innstilling og debattgrunnlaget frå KS og har slike innspel til arbeidet med ny kommunelov:*

- 1. Utvalet foreslår å endre tittel til øvste administrative leiar i kommuneorganisasjonen frå rådmann til kommunedirektør. Dette er ein tittel som i dag er nytta på ulike nivå for kommunale leiarstillingar. Ei slik endring vil skape forvirring. (NOU kap. 8.5)*
- 2. Gjeldande rett med å kunne delegerer lovpålagte oppgåver til eigne rettssubjekt må halde fram. Dette vil gje meir fleksible rammer for interkommunalt samarbeid. (NOU kap. 8.7)*
- 3. Lovfesta avgrensing i kven som kan veljast til styre i kommunale foretak mot kommunestyremedlemmer og medlemmer i toppleiargruppa er ei avgrensing i kommunale handlefridom. Eit alternativ er å innføre reglar slik utvalet sjølv er inne på. (NOU kap. 11)*
- 4. Kommunalt oppgåvefelleskap er ei ny modell for interkommunalt samarbeid, mellom anna til erstatning for noverande § 27 samarbeide. Primært vil Volda formannskap rå til at noverande § 27 vert oppretthalde, sekundert at representantskapet i eit oppgåvefelleskap ikkje må være eit folkevalt organ. Dersom eit oppgåvefelleskap er oppretta for å løyse administrative oppgåver kan kravet om at representantskapet skal være eit folkevalt organ svekke skiljet mellom politikk og administrasjon. (NOU kap. 18.6).*
- 5. Utvalet sitt mindretal har eit framlegg om å opne for låneopptak til investeringsstilsjudd til gitte formål. Mindretalet sitt syn vert støtta (NOU kap. 19.8.3.5)*
- 6. Volda formannskap støtter ei tydeleggjering i kommunelova av roller, oppgåver og ansvar for internkontroll i kommunen. Ei samordning av regelverket knytt til internkontroll frå særlover til kommunelova er ynskjeleg. (NOU kap. 24)*
- 7. Volda formannsskap meiner at den foreslåtte endringa av valordning formannsskap kan vere problematisk.*
- 8. Avansert metode for avdragsutrekning bør halde fram og i alle høve må avvikling gjennomførast med ei overgangsperiode.*

**PS 175/16 Kommunal garanti - lån til kyrkjelege investeringar**

**Administrasjonen si tilråding:**

*Under føresetnad av Fylkesmannen si godkjenning gir Volda kommune Volda kyrkjelege*



## VOLDA KOMMUNE

*fellesråd ein sjølvskyldnarkausjon for ei låneramme på inntil kr. 1.690.000 -, med tillegg av 10% i 36,2 år med tillegg av inntil 2 år. Låneramma skal nyttast til investeringar slik det går fram av søknaden frå Volda kyrkjelege Fellesråd d.s. 08.09.2016.*

*Garantiansvaret vert å redusere i takt med nedbetalinga på låna.*

### **Handsaming:**

#### **Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

#### **Tilråding i formannskapet - 04.10.2016 til kommunestyret:**

*Under føresetnad av Fylkesmannen si godkjenning gir Volda kommune Volda kyrkjelege fellesråd ein sjølvskyldnarkausjon for ei låneramme på inntil kr. 1.690.000 -, med tillegg av 10% i 36,2 år med tillegg av inntil 2 år. Låneramma skal nyttast til investeringar slik det går fram av søknaden frå Volda kyrkjelege Fellesråd d.s. 08.09.2016.*

*Garantiansvaret vert å redusere i takt med nedbetalinga på låna.*

### **PS 176/16 Omlegging av skulebakken på Ulvestad - Haugevegen - Godkjenning av avtalar**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Avtalane mellom Volda kommune og eigarane av gnr. 160 bnr. 15 ,gnr. 160 bnr. 8 og gnr. 160 bnr. 16 vert godkjende slik dei ligg som **vedlegg 2 til 4** i denne saka.*

### **Handsaming:**

#### **Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i formannskapet - 04.10.2016:**

*Avtalane mellom Volda kommune og eigarane av gnr. 160 bnr. 15 ,gnr. 160 bnr. 8 og gnr. 160 bnr. 16 vert godkjende slik dei ligg som **vedlegg 2 til 4** i denne saka.*



## VOLDA KOMMUNE

### PS 177/16 Ny renovasjonsordning kommunale utleige bygg

#### Administrasjonen si tilråding:

1. Kommunestyret godkjenner samarbeidstiltaket i samarbeid med VØR for å etablere ei meir miljøvenleg avfallsordning for 6 lokasjonar i tilknytning til kommunale omsorgsbustader.

2. Kommunen sin eigenandel er rekna til kr 970 000 ink mva. Kostnaden vert dekt ved låneopptak. Kapitalkostnadene er stipulert til kr 50 000 i året og vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan.

3. Finansiering:

Momskompensasjon (del kommunal bustad 60%) Kr 116.400

Låneopptak

Kr 853.600

#### Handsaming:

Formannskapet drøfta saka, og bad om ei orientering om utviklingsplanar for området på neste formannskapsmøte, samt at det vert halde synfaring.

Gunnar Strøm kom med framlegg om å stryke omsorg i siste ord i punkt 1.

#### Røysting (ni røysteføre):

Tilråding frå administrasjonen, med endring frå Gunnar Strøm, vart samrøystes vedteken.

#### Tilråding i formannskapet - 04.10.2016 til kommunestyret:

1. Kommunestyret godkjenner samarbeidstiltaket i samarbeid med VØR for å etablere ei meir miljøvenleg avfallsordning for 6 lokasjonar i tilknytning til kommunale bustader.

2. Kommunen sin eigenandel er rekna til kr 970 000 ink mva. Kostnaden vert dekt ved låneopptak. Kapitalkostnadene er stipulert til kr 50 000 i året og vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan.

3. Finansiering:

Momskompensasjon (del kommunal bustad 60%) Kr 116.400

Låneopptak

Kr 853.600

### PS 178/16 Kommunalt råd for funksjonshemma - forslag til namneendring og auke i antal medlemmer

#### Administrasjonen si tilråding:



## VOLDA KOMMUNE

- 1. Kommunalt råd for funksjonshemma endrar namn til Råd for likestilling av funksjonshemma.*
- 2. Utviding av antal medlemmer i rådet: Ingen tilråding*

### **Handsaming:**

Fride Sortehaug kom med slikt fellesframlegg:

- 1. Formannskapet tilrår at rådet endrar namn til Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne.*
- 2. Utvalet skal ha sju medlemmer, fortrinnsvis fem frå brukarorganisasjonane.*

### **Røysting** (ni røysteføre):

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

### **Tilråding i Formannskapet - 04.10.2016 til kommunestyret:**

- 1. Formannskapet tilrår at rådet endrar namn til Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne.*
- 2. Utvalet skal ha sju medlemmer, fortrinnsvis fem frå brukarorganisasjonane.*

### **PS 180/16 Økonomisk støtte til TV-aksjonen**

#### **Handsaming:**

Fride Sortehaug kom med slikt framlegg:

*Volda kommune støttar TV-aksjonen med 1,-pr. innbyggjar.  
Dette vert å innarbeide i komande budsjett.*

Fride Sortehaug trekte siste setning i framlegget sitt.

Formannskapet drøfta saka og rådmannen kom med slik tilføyning:

*Kr. 9029 vert dekt av formannskapet sin disposisjonspost.*

### **Røysting** (ni røysteføre):

Framlegget frå Fride Sortehaug, med tillegg frå rådmannen, vart samrøystes vedteke.



## VOLDA KOMMUNE

### **Vedtak i Formannskapet - 04.10.2016**

*Volda kommune støttar TV-aksjonen med 1,-pr. innbyggjar.  
Kr. 9029 vert dekt av formannskapet sin disposisjonspost.*

### **PS 179/16 Orienteringssaker**

### **OS 132/16 Tunnelutbetring Rotsethorntunnelen**

### **OS 133/16 Melding om politisk vedtak - Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular - Kommunalt råd for funksjonshemma PS 6/16**

Ordføraren orienterte om rutinar kring politisk handsaming og reiste spørsmål om formannskapet ynskjer ei politisk sak om miljøretta helsevern. Rådmannen informerte om at miljøretta helsevern vert ivareteke av eigedomsavdelinga og kommuneoverlegen. Kommuneoverlegen vil orientere Kommunalt råd for funksjonshemma om saka.

### **OS 134/16 Sak om Matmanifestet frå Hareid kommune**

Ordføraren orienterte om saka og formannskapet slutta seg til Søre Sunnmøre Matmanifest.

### **OS 135/16 Klimakartlegging offentleg innovasjon - invitasjon til Arena Sunnmøre 2016**

Ordføraren orienterte. Formannskapet deltek på samlinga Arena Sunnmøre 2016.

### **OS 136/16 Spørsmål om kva planar kommunen har for Mork skule - dårleg inneklima og bygningsmasse**

Ordføraren orienterte om bygningsmessige tilhøve ved Mork skule, ei mellombels løysing kan vere å flytte ein modul frå Øyra skule til Mork skule. Eigedomsavdelinga arbeider vidare med saka.

### **OS 137/16 Sykkylven kommune - mogleg sal av aksjar i Furene AS**

Formannskapet drøfta saka og var positive til kjøp av aksjar i Furene AS.



## VOLDA KOMMUNE

### **OS 138/16 Søknad om støtte til forprosjekt - Volda Kunnskapspark**

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om habilitet. Han er styremedlem i Kulturnæringshagen AS, jf. fvL § 6, 1.ledd, e, nr.2. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Odd A. Folkestad vart samrøystes kjent inhabil.

Ordføraren orienterte. Rådmannen informerte om at det truleg vil kome ei politisk sak om dette.

Odd A. Folkestad tok sete.

### **OS 139/16 Kommunereform**

Ordføraren orienterte om saka.

Fride Sortehaug fekk permisjon kl. 15:45. Det var åtte røysteføre i framhald av møtet.

### **OS 140/16 Campus - arbeidsgruppe - representantar frå kulturlivet**

Ordføraren orienterte og viste til kommunestyrevedtak PS 109/16. Formannskapet skal oppnemne 3 representantar frå kulturlivet i arbeidsgruppa som arbeider for skisseprosjektet kino/kultursal/fleirbrukshall, som del av planlegging av nytt mediebygg på Campus – Høgskulen i Volda. Ordføraren oppmoda formannskapet til å foreslå aktuelle kandidatar på neste formannskapsmøte.

### **PS 181/16 Venterom på Folkestad ferjekai**

#### **Handsaming:**

Odd A. Folkestad tok opp spørsmålet om venterom på Folkestad ferjekai. Det vart fremja følgjande fellesframlegg:

*Volda formannskap viser til "Regionalt samferdselsmøte" 28/4.2016. I sær møte mellom Volda kommune sine utsendingar og Statens vegvesen, peikte kommunen på at ferjesambandet Volda-Folkestad er riksvegsamband og at Statens vegvesen har ansvar for at det på Folkestad ferjekai er tilfredsstillande venterom/toalett vidare framover. Volda kommune ber om ei snarleg stadfesting frå Statens vegvesen på om at dette tilbodet vert oppretthalde.*

**Røysting** (åtte røysteføre):

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.



## VOLDA KOMMUNE

### Vedtak i formannskapet - 04.10.2016

*Volda formannskap viser til "Regionalt samferdselsmøte" 28/4.2016. I sær møte mellom Volda kommune sine utsendingar og Statens vegvesen, peikte kommunen på at ferjesambandet Volda-Folkestad er riksvegsamband og at Statens vegvesen har ansvar for at det på Folkestad ferjekai er tilfredsstillande venterom/toalett vidare framover. Volda kommune ber om ei snarleg stadfesting frå Statens vegvesen på om at dette tilbodet vert oppretthalde.*

### PS 182/16 Rutetilbodet på riksvegsambandet Volda-Folkestad

#### Handsaming:

Odd A. Folkestad kom med slikt framlegg til fråsegn:

*Rutetilbodet på riksvegsambandet Volda-Folkestad*

*Volda formannskap viser til skriv av 11.02.2016 til Statens vegvesen, Region Midt, der vi framsette krav om at rutetilbodet som gjaldt til 30/6.2013 vert gjeninnført.*

*I sær møte med Statens vegvesen 28/4.2015 (Regionalt Samferdselsmøte), etterlyste kommunen svar på skrivet frå 11/2, noko Volda kommune framleis ikkje har motteke. Det vart vidare frå kommunens side presentert nokre særkrav i tilknytning til den komande "Ruteendringsprosessen".*

*Volda formannskap ber om at forslag til nye ferjeruter med verknad frå 1/5.2017 for dette riksvegsambandet, straks vert sendt Volda kommune til fråsegn.*

#### Røysting (åtte røysteføre)::

Framlegget frå Odd A. Folkestad vart samrøystes vedteke.

### Vedtak i Formannskapet - 04.10.2016

*Rutetilbodet på riksvegsambandet Volda-Folkestad*

*Volda formannskap viser til skriv av 11.02.2016 til Statens vegvesen, Region Midt, der vi framsette krav om at rutetilbodet som gjaldt til 30/6.2013 vert gjeninnført.*

*I sær møte med Statens vegvesen 28/4.2015 (Regionalt Samferdselsmøte), etterlyste kommunen svar på skrivet frå 11/2, noko Volda kommune framleis ikkje har motteke. Det vart vidare frå kommunens side presentert nokre særkrav i tilknytning til den komande "Ruteendringsprosessen".*



## VOLDA KOMMUNE

*Volda formannskap ber om at forslag til nye ferjeruter med verknad frå 1/5.2017 for dette riksvegsambandet, straks vert sendt Volda kommune til fråsegn.*

### **OS 141/16 Legevaktordning - samlokalisering**

Akuttmedisinforskrifta ligg til grunn for organisering av kommunal legevakt, ambulanseteneste og medisinsk nødmeldetjeneste. For å sikre stabilitet og kompetanse, er det oppretta ei prosjektgruppe. Prosjektgruppa er i dialog med Helse Møre og Romsdal HF for å avklare ei eventuell samlokalisering av tenestene nattlegevakt, ambulansetjeneste og psykiatri. Nattlegevaktsjef i Volda er kommunen sin representant i prosjektgruppa.

Møtet slutt kl. 16:10

Rett utskrift  
Volda kommune, servicekontoret  
05.10.2016

Sonja Håvik  
konsulent